



GAULAR KOMMUNE

Arkiv: FA-S82
Saksmappe: 18/1603
JournalpostID: 19/9346
Sakshandsamar: Truls Hansen
Folkestad
Dato: 23.07.2019

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
040/19	Utval for Helse og Omsorg	11.09.2019
046/19	Utval for Næring og Teknisk	05.09.2019
039/19	Utval for Oppvekst og Kultur	05.09.2019
144/19	Formannskapet	19.09.2019
058/19	Kommunestyret	26.09.2019
015/19	Gaular Ungdomsråd	11.09.2019
029/19	Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	05.09.2019

Fråsegn til høyring av nasjonal ramme for vindkraft

Rådmannen si tilråding:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og NVE har ikkje grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn andre område i landet.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfelta for verna vassdrag vert vurdert.

05.09.2019 Utval for Næring og Teknisk

Handsaming:

Dei siste innspel til saka vart ettersendt og delt ut i møtet.

Utvalet meiner at uttalen bør endrast på følgjande punkt: "...NVE har ikkje nok grunnlag..." Samrøystes med endring.

NTE-046/19 Vedtak:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og NVE har ikkje nok grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn

andre område i landet.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfeltet for verna vassdrag vert vurdert.

05.09.2019 Utval for Oppvekst og Kultur

Handsaming:

Det vart delt ut to dokument i møtet. Dokumenta var brev frå Informasjonskomiteen mot vindkraft i Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger og brev frå Hestadgrend grendelag. Fråsegn - Vedkomande planar om vindkraftutbygging i fjella mellom Gaular og Høyanger frå grunneigarar i Gaular: Olav Vågen, Aud Øvrestrand, Harry Årli, Per Lien, Ingunn Kjelstad, Marit Svortevik, Karsten Hestad og Steinar Følid.

Skriv 2: Om Nasjona ramme for vindkraft, område 19 i Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger frå Informasjonskomiteen mot vindkraft i Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger v/ styret

Det eine dokumentet, "Nasjonal ramme for vindkraft" var tidligare sendt ut elektronisk som tilleggsinnkalling.

Etter sams drøfting kom utvalet ved leiar med følgjande merknad til rådmannens framlegg: utvalet for oppvekst og kultur meiner at det er nytta aksjonsspråk i saksutgreiinga. NVE har gjort det dei har fått bestilling på, utfrå gitte utvalskriterier. Det er Gaular kommune si oppgave å kome med innspel til høyringsfrist.

Samrøystes vedteke

OKU-039/19 Vedtak:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og NVE har ikkje grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn andre område i landet.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfeltet for verna vassdrag vert vurdert.

05.09.2019 Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Det vart lagt fram kart over område i Gaular kommune som er berørt, samt kart over vindmølleplassering.

Leiar i Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne Per Kjelstad orienterte om fråsegna og svara på spørsmål.

REF-029/19 Vedtak:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes godkjend.

11.09.2019 Utval for Helse og Omsorg

Handsaming:

Utval for helse og omsorg drøfta fråsegn til høyring av nasjonal ramme for vindkraft. Erlend Brede Fossen tok opp spørsmål om ugildskap for nokre av medlemmane i utvalet som er grunneigarar og kan ha avtaleinteresser i høve utbygging av vindkraft. Kommunalsjef helse og omsorg Kjell Idar Dvergsdal orienterte om at dette har vore drøfta i leiargruppa til rådmannen, der også ordførar Mathias Råheim var med i drøftinga. Der vart det konkludert med at det i denne saka ikkje kan føreligge ugildskap ut frå at det er ei rammeplan og at særinteressar ikkje er så framtrедande i saka. Kommunalsjefen sa vidare at det kan hende at det må komme ei tydelegare avklaring på spørsmål om ugildskap før handsaming i formannskap og kommunestyre. Utvalet konkludert med at det må komme ei tydelegare avklaring på spørsmålet om ugildskap før handsaming i formannskap og kommunestyre.

HOM-040/19 Vedtak:

Rådmannen si tilråding med følgjande tillegg:
Merknad: Spørsmål om ugildskap (som gjeld politisk valde medlemmar i utval, formannskap og kommunestyre som er grunneigarar) vart teke opp av Erlend Brede Fossen. Ber om at dette spørsmålet vert avklara tydelegare før handsaming i formannskap og kommunestyre. Vedtaket var samrøystes.

11.09.2019 Gaular Ungdomsråd

Handsaming:

Avrøysting: 3 stemte for rådmannen sin tilråding og 2 stemte mot tilrådinga

URÅ-015/19 Vedtak:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og NVE har ikkje grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn andre område i landet.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfeltet for verna vassdrag vert vurdert.

19.09.2019 Formannskapet

Handsaming:

Kommunalsjef Truls Hansen Folkestad møtte under handsaming av saka og svara på spørsmål. Ordførar orienterte om handsaminga i tidlegare utval, og endeleg avgjerd i kommunestyre i Sunnfjord kommune. Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FS-144/19 Vedtak:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og NVE har ikkje grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn andre område i landet.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfeltet for verna vassdrag vert vurdert.

26.09.2019 Kommunestyret

Handsaming:

I forkant av møtet vart det reist spørsmål frå Erlend Brede Fossen om han er ugild, då han er grunneigar i området som rammeplanen omfattar og har motteke avtale-/kontraktutkast frå ein av utbyggjarane.

Rådmannen har også blitt orientert om at Laila Oppedal sin son er grunneigar og også har motteke avtale-/kontraktutkast frå utbyggjar.

Vidare er det no blitt kjent at det er nokre andre kommunestyremedlemer som er grunneigarar eller er i nære relasjonar med personar som er grunneigarar i det omtala området.

Spørsmål om ugildskap har vore vurdert av rådmannen etter å ha konferert med kommuneadvokat og fylkesmannen.

Rådmannen orienterte følgjande om spørsmål om habilitet for medlemer av kommunestyret, som også er grunneigarar.
Forvaltningslova sine regler om ugildskap gjeld for medlemmer i kommunestyret, jf. kommuneloven § 40 nr. 3.

Etter forvaltningslova § 6 gjeld reglane om ugildskap når kommunestyret treffer «avgjørelser». Kva som reknast som «avgjørelser» vert ikkje tolka snevert. I kommentarane til forvaltningslova (Jan Fritjof Bernt) står det m.a.:

Inhabilitetsreglene gjelder også ved avgivelse og forberedelse av uttalelser som er viktige og kan ventes fulgt eller akseptert ved avgjørelser av andre organer eller av private.

Ei uttale til nasjonal ramme for vindkraft vil være i denne kategorien, og omfattast av inhabilitetsreglane.

Grunneigarane vil ikkje være å rekne som partar i forhold til uttalelsen, og dei er difor ikkje automatisk ugilde etter fvl. § 6 første ledd.

Spørsmål om ugildskap må difor vurderast etter den skjønnsmessige regelen i forvaltningslova § 6 andre ledd.

Etter denne bestemmelsen er det eit vilkår om at det må føreligg eit «*særegent forhold*» som er eigna til å svekkje tilliten til representanten sin upartiskhet.

Avgjersla etter fvl. § 6 andre ledd skal bygge på ei konkret skjønnsmessig vurdering. Ved vurderinga skal det m.a. leggjast vekt på om «*avgjørelsen vil innebære en særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen han har nær personlig tilknytning til*».

Som grunneiger i et område der det eventuelt vert åpna for vindkraftutbygging, vil grunneiergarane bli sterkt berørt. Dersom det vert opna for utbygging, vil det kunne medføre betydelige inntekter. Økonomiske interesser vil kunne være inhabilitetsgrunn. Ikkje enhver økonomisk interesse vil føre til ugildskap. Det må derfor gjerast ei konkret vurdering av kor stort omfang den økonomiske interessa vil få for kvar enkelt grunneigar. Ei slik konkret vurdering må gjerast uavhengig av om grunneigarar har signert avtale eller ikkje.

I saka som ligg føre kjenner vi ikkje detaljane rundt inntekspotensialet for den enkelte grunneigar, men det kan vere grunn til å tru at det er ein relativt stor økonomisk interesse inne i bildet.

Rådmannen tolkar det slik at det å være grunneigar med økonomiske interesser innan det aktuelle utbyggingsområdet vil være eit særleg forhold som må føre til ugildskap.

Når det gjelder representanten som er mor til ein av grunneigarane, må det vurderast om dette fell inn under kategorien «*noen han har nær personlig tilknytning til*». Foreldre – barn relasjonen er det

Oppsummert meiner rådmannen at dei grunneigarar som har fått førelagt avtale-/kontraktutkast frå utbyggarar må vurderast som ugilde etter fvl. § 6 andre ledd. Andre medlemer som enten er grunneigarar i området eller er i nære relasjonar med grunneigarar, som ikkje har fått førelagt avtale-/kontrakt, vert kjent gilde i saka.

I folkevalde organ er det organet sjølv som avgjer spørsmålet om habilitet, jf. forvaltningslova § 8 andre ledd. Det må gjerast ei konkret og objektiv vurdering av habiliteten for kvar enkelt representant.

Kommunestyret slutta seg til rådmannen sine vurderingar.

Erlend Brede Fossen og Laila Oppedal gjekk frå som ugilde i saka.
Dei gjekk frå under handsaminga av saka og Leif Bell møtte som vara for Erlend Brede Fossen og Kenneth Gjerde møtte som vara for Laila Oppedal.
Det var komen inn 1 ny merknad til saka. Merknaden vart utdelt i møte.
Det vart halde gruppemøte. Etter gruppemøte vart det presentert 2 framlegg.

Framlegg frå Krf framsett av Jarle Arvid Aase:

Gaular kommunestyre krev at områda i gaular kommune vert lagt inn under arealet i nasjonal ramme for vindkraft, som er ekskludert for utbygging. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og NVe peikar sjølvstøtt på at det krevs omfattande konsekvensutgreiningar for å ta endeleg stilling til enkeltområde.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfeltet før verna vassdrag vert vurdert.

Framlegg frå Sp og H framsett ved Kari Birkeland:

Første avsnitt i formannskapet si tilråding vert endra slik:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og det føreligg ikkje nok grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfyllt enn andre område i landet.

Ordførar ba om slik røysting:

Ein røystar først over framlegget frå Krf, deretter over fellesframlegget frå H og Sp, og til slutt over formannskapet si tilråding.

Kommunestyret slutta seg til dette.

Røysting:

Krf sitt framlegg: 5 røysta for og 16 røysta mot.

Fellesframlegg frå H og Sp: samrøystes vedteke.

Formannskapet si tilråding fell difor bort.

Formannskapet sitt vedtak med endringsframlegget frå H og Sp vart samrøystes vedteke.

KS-058/19 Vedtak:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og det føreligg ikkje nok grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn andre område i landet.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfelta for verna vassdrag vert vurdert.

Vedlegg i saka:

23.04.2019	Forslag om nasjonal ramme for vindkraft - høyring	180933
23.04.2019	Rapport01042019Nasjonal ramme for vindkraft	180934
23.04.2019	Ny høyringsfrist - nasjonal ramme for vindkraft	180935
24.07.2019	Kommuneplan Gaular nasjonal ramme vindkraft	187555
23.07.2019	Nasjonal ramme vindkraft - fråsegn frå Høyanger kommune	187549
24.07.2019	Nasjonal ramme vindkraft - fråsegn frå Fjaler kommune	187550
25.07.2019	Analyseskjema Sunnfjord og Sogn	187585
21.08.2019	Uttale frå Hestadgrend Grendalag vedr Nasjonal Ramme for vindkraft og Gaular del 1	188462
21.08.2019	Uttale frå Hestadgrend Grendalag vedr Nasjonal Ramme for vindkraft og Gaular del 1	188461
21.08.2019	Vedlegg 1 Uttale Hestadgrend grendalag	188463
21.08.2019	Vedlegg 2 og 3 Uttale Hestadgrend grendalag	188467
22.08.2019	PDF 20190722 - Presentasjon folkemøte Gaular	188637
14.08.2019		
19.08.2019	Innlegg Stein Malkenes - formannskapsmøte 14.08.19	188374
19.08.2019	Innlegg frå NVE	188372
19.08.2019	Innlegg frå Fitjar kommune og LNVK	188373
21.08.2019	Notat om vindkraft med vedlegg	188469
21.08.2019	Notat om vindkraft med vedlegg	188468
21.08.2019	Florsheia og vindkraft - Vedlegg, K	188471
29.08.2019	Planane om vindkraftanlegg og forholdet til Nasjonal turistveg Gaularfjellet	189086
29.08.2019	AcosSvarInn.xml	189087
10.09.2019	Høyangerfjell vindkraftverk - Overlevering av "Melding" til NVE om oppstart av prosjekt	189785
16.09.2019	Bakgrunnen for at Fred. Olsen Renewables har sendt inn melding om Høyangerfjell vindkraftverk	190213
17.09.2019	Korrigerig av innlegg sendt 16.09.2019	190250
18.09.2019	Vindkraft - Uttale frå grunneigarane på Viksdalen - med signaturer	190347
18.09.2019	Uttale frå grunneigarane på Viksdalen_med signaturer	190348
16.09.2019	Høyangerfjell vindkraftverk	190203
16.09.2019	Høyangerfjell vindkraftverk	190204
18.09.2019	Planane om vindkraftanlegg og forholdet til Nasjonal turistveg Gaularfjellet	190380

Saksutgreiing:

Olje- og energidepartementet (OED) ga i brev av 9. februar 2017 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å leie eit arbeid med å lage forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. NVE sitt faglege forslag ligg no føre i ein rapport datert 1. april 2019. Forslaget inneheld eit kunnskapsgrunnlag om verknader av vindkraft på land og eit kart med forslag til det NVE meiner er dei

mest eigna områda for lokalisering av ny vindkraft. OED skriv at det også innanfor desse områda vil vere område som ikkje er eigna for vindkraft på grunn av konflikt med viktige interesser, eller som følgje av mindre gode vindressursar.

Forslaget er no ute på høyring, og frist for å kome med innspel er sett til 1. oktober 2019.

NVE sitt forslag omfattar 13 område over heile Norge. Sørlege delar av Gaular kommune inngår i området Sunnfjord og Sogn. NVE skriv at konfliktnivået med viktige miljø- og samfunnsinteresser er lågare i dette området enn i store delar av landet. NVE meiner difor at området er eitt av dei mest eigna områda for ny vindkraftutbygging i Norge, og at det er snaufjellsområda som er mest aktuelle. Innafor Gaular kommune sine grenser vil dette vere fjellområda rundt Svadheia/Blåfjellet, Florsheia, Snøheia og Geitenova. Fjellområda er felles med kommunane Høyanger og Fjaler. Deira fråsegn til høyringa ligg ved saka.

I oppstartsfasen av NVE sitt arbeid fekk kommunane høve til å sende inn opplysningar om kjende interesser i dei aktuelle områda. Gaular kommune sende innspel om tema som er vurdert nedanfor.

Gaular kommune har avhalde folkemøte, og både formannskapet og kommunestyret har fått presentert innlegg og ulike meiningar om vindkraftutbygging. Presentasjonane og andre skriftlege innspel ligg ved saka.

Planstatus

Gaular kommune har folkevekst og er den kommunen i nye Sunnfjord kommune med positiv bustadattraktivitet. Kommunen leverer gode tenester til innbyggjarane og har god økonomisk styring. Det er låg arbeidsløyse i kommunen og tal sysselsette er realtivt jamt. Utviklinga går samtidig mot færre sysselsette innafor jordbruk, skogbruk, fiske og industri, og fleire sysselsette innafor helse- og sosialtenester, undervisning, bygge- og anleggsverksemder, overnattings- og serveringsverksemder.

I kommuneplanen frå 2001 er området for vindkraft avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål. Fjellområda mellom Bjørvika og Ytredalen er i tillegg markert som viktige friluftsområde. Store delar av området er verna mot kraftutbygging, i nedslagsfeltet for Gaularvassdraget eller Guddalsvassdraget. I differensiert forvaltningsplan for vassdraga er det aller meste av fjellområda i nedslagsfeltet markert som *klasse 3, område med liten grad av menneskeleg påverknad*. I følgje planen vil dei fleste fysiske inngrep i desse områda vere i konflikt med vernekriteria og kan ikkje gjennomførast utan særskild løyve.

Rådmannen si vurdering

Debatten om vidare utbygging av vindkraft på land omfattar store og viktige samfunnsmessige tema som klima, miljø, verdiskaping, eigarskap og sjølvstyre. Rådmannen vil først og fremst kommentere dei faglege vurderingane frå NVE, sidan det er dette som er på høyring.

Førsteintrykket av rapporten er at NVE har gjort hastverksarbeid med omtalen av

området Sunnfjord og Sogn. Kapittel 49.3 og 49.5 handlar meir om Møre og Nordfjord, og omtalen av viktige miljø- og samfunnsinteresser er svært overfladisk. NVE viser vidare til eit eige analyseskjema for området. Skjemaet følgjer vedlagt saka og rådmannen har kommentert analysen nedanfor.

Nettkapasitet

NVE si vurdering er at nettkapasiteten er veldig bra for det samla området. Rådmannen vil likevel gå ut i frå at vindkraftutbygging medfører nye kraftlinjer og trafo-stasjonar i fjellområda, og at det ikkje er mogleg å vurdere konsekvensen av desse tiltaka før konkrete konsesjonssaker kjem.

Potensial for vindkraftproduksjon

Rådmannen merkar seg at NVE har vurdert det samla potensialet for vindkraftproduksjon som middels gode.

Naboverknader

Naboverknadane er noko av det folk er mest opptekne av. Om lag 40 % av innbyggjarane i Gaular bur på landbrukseigedom. Det er rundt 420 hytter i kommunen. Av om lag 100 stølar i kommunen ligg rundt 40 innafor vindkraftområdet. Stølane vert i hovudsak nytta til tilsyn med beitedyr, jakt og friluftsliv. Dei fleste innbyggjarane bur i eller nær sentruma Sande, Bygstad og Viksdalen. Dei tre sentruma har vid utsikt mot utbyggingsområda i sør og vest der sola vandrar gjennom dagen. Fjernverknadane av vindmøller i horisonten i høve til utsikt, solrefleksjon og nattlys er vesentlege spørsmål for innbyggjarane i Gaular. Slike fjernverknader vert ikkje analysert konkret før konsesjonsbehandling og det er såleis knytt stor usikkerheit til konsekvensane.

Reiseliv

Rådmannen er samd i NVE si vurdering av at nasjonal turistveg og reiselivsnæringa er viktig. Utbyggingsområda for vindkraft vil vere i landskapet som utgjør kulissane for turistvegen, Gaularvassdraget, landskapsvernområdet på Hestad og Dalsfjorden. Korleis vindmøller vil påverke dette landskapet vert ikkje analysert konkret før konsesjonsbehandling og det er såleis knytt stor usikkerheit til konsekvensane. Rådmannen viser elles til vedlagt uttale frå vegvesenet sin turistvegseksjon, som også peikar på samanhengane mellom verdien av turistvegen og landskapet.

Sivil luftfart

Rådmannen tek til vitande at flyplassen på Bringeland ligg utanfor området.

Fugl og flaggermus.

Rådmannen oppfattar prosessen med den nasjonale ramma slik at dei mest verdifulle områda for fugl er tekne ut av området Sunnfjord og Sogn. Rådmannen tek elles til vitande Miljødirektoratet sine vurderingar i kapittel 11 om moglege verknader av vindkraft på fugl. Men det er viktig å understreke at dyre- og

plantelivet i dei aktuelle fjellområda ikkje er godt kartlagt, og det er såleis knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging.

Villrein

Rådmannen tek til vitande NVE sine vurderingar. Sunnfjordfjella er ikkje nasjonalt villreinområde, men villreinen her har stor lokalverdi (jakt og friluftsliv).

Naturtypar

Rådmannen er samd med NVE at naturverdiane i fjellområda er dårleg kartlagt og lite kjent. Det er såleis knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging.

Landskap

Rådmannen tek til vitande NVE sine vurderingar. Områda Florsheia og Svadheia/Blåfjellet har regional landskapsverdi C. Områda aust for E39 er ikkje kartlagt for landskapsverdi.

Friluftsliv

Generelt er det meste av fjell og utmarksareal i kommunen nytta til friluftsliv heile året. Fjellområda ligg tett på der folk bur og er lett tilgjengelege. Nasjonal turistveg er utgangspunkt fleire stader for turløypa «Fossestien» langs Gaulavassdraget. Kartlegging og verdisetting av friluftslivområde er i oppstarten i Gaular. Det betyr at kunnskapen om kva område som har størst verdi lokalt, regionalt og eventuelt nasjonalt her manglar. Dei mest kjende og nytta friluftsområda er tekne ut av utbyggingsområdet. Likevel er fjernverknadane noko av det folk er mest opptekne av. Korleis vindmøller i fjellområda Svadheia-Florsheia vil påvirke opplevinga og utsikta frå T-løypa over Bergsheia, frå Storehesten, Blegja, Lissehesten eller dagsturhytta vert ikkje analysert konkret før konsesjonsbehandling og det er såleis knytt stor usikkerheit til konsekvensane. Det same gjeld dei populære turområda Fløyen-Klungeren-Kjelstadnakken-Svarteknibba-Venevassegga og vidare opp på Gaularfjellet. Rådmannen ser at anleggsvegane til vindmøllene kan fungere som turveg og at dette vil opne fjellheimen for ein større del av befolkninga, slik ein har døme på i Fitjar kommune. Samtidig er det for tidleg å slå fast om den samla effekten av vegane vil vere positiv for det allmenne friluftslivet.

Samanhengande naturområde

Rådmannen vurderer dei aktuelle fjellområda i Gaular til å vere store, urøyrde samanhengande naturområde. Det er ikkje definert «Villmarksprega område» i Gaular, men alle dei aktuelle fjellområda har definert inngrepsfrie soner, 1-3 km eller 3-5 km i luftlinje frå tyngre tekniske inngrep. Desse områda vil forsvinne som ei følge av vindkraftutbygging.

Landbruk

Rådmannen merkar seg at NVE ikkje har landbruk som tema i analysen. Dei aktuelle fjellområda vert i stor grad nytta til beite, primært for sau. I kva grad nye

vegar vil vere postivt eller negativt for beitebruken er for tidleg å seie noko om.

Verna vassdrag

Rådmannen merkar seg at NVE ikkje har kommentert vernestatusen for Gaular- og Guddalsvassdraget. Gaularvassdraget vart verna mot kraftutbygging i 1993 gjennom verneplan IV. Sjølv om utgangspunktet for vernet var mot kraftutbygging, har Stortinget ved fleire høve presisert at ein skal søkje å unngå andre inngrep både i sjølve vassstrengen og nedbørsfeltet som kan redusere verneverdiane. I følgje differensiert forvaltningsplan er områda i klasse 3 omtalt som område med relativt urøyrd natur: *«Her finn ein beite og unntaksvis spreidd busetnad/landbruksdrift. Stølar og andre fritidsbygg vil vere vanleg. Det er store verneverdiar knytt til nedbørsfeltet som system, og det vil vere viktige verneinteresser til fleire fagfelt (til dømes naturvern, friluftsliv). Det urøyrde ved desse områda må takast vare på, og tiltak/inngrep må ikkje skade konkrete verneverdiar.»* Innbyggjarane i Gaular kommune har levd med vernestatusen i 25 år, med dei avgrensingane og nye moglegheitene dette har medført for bygde- og næringsutvikling.

På spørsmål frå ordførar om vindmølleparkar er i konflikt med verneplan for Gaularvassdraget, svara NVE følgjande:

«Viser til ditt spørsmål i eposten nedenfor. En verneplan for vassdrag utelukker ikke utbygging av et vindkraftverk innenfor nedslagsfeltet til vassdraget. Som eksempel ga NVE i 2017 konsesjon til et vindkraftverk i Birkenes kommune i Aust-Agder, der deler av vindkraftverket lå innenfor nedslagsfeltet til det vernede Tovdalsvassdraget. NVE vurderte at omfanget av tiltakets virkninger for vassdraget, herunder avstanden fra planområdene til Tovdalselva, til å være slik at tiltaket ikke vil medføre vesentlige virkninger for verneverdiene tilknyttet vassdraget. Dette vedtaket ble pålagt, og Olje- og energidepartementet stadfestet NVEs vedtak.

Dersom NVE mottar en melding om et mulig vindkraftverk innenfor nedslagsfeltet til Gaularvassdraget, vil dette være et tema som må utredes før det eventuelt kan sendes en søknad om et vindkraftverk. For vindkraftverk over 10 MW fastsetter NVE et utredningsprogram med krav til tiltakshaver om hva som må utredes, herunder mulige virkninger for vernede vassdrag som kan bli berørt.»

Vindkraftutbygging medfører vesentlege terrenginngrep og arealbeslag. Rådmannen meiner difor at det er openbar konflikt mellom vindmølleparkar og føremålet med verneplanen for Gaularvassdraget. Det vil vere eit stort paradoks dersom regjeringa opnar for vindkraft i dette området som fram til no har vore forvalta med strenge føringar på tiltak i nedbørsfeltet. Rådmannen meiner difor at regjeringa bør løfte denne saka opp til Stortinget for vurdering.

Rådmannen si samla vurdering

Kommuneplanen for Gaular vart vedteken for 18 år sidan, men gir framleis ein peikepinn på viktige miljø- og samfunnsinteresser i kommunen. Sjølv om vindkraft på land var mindre aktuelt i 2001, gir kommuneplanen tydelege føringar om at utbygging av fjellområda er lite ønskjeleg, særleg i det omfanget som

vindmølleparkane har.

Den nasjonale ramma er ikkje eit godt grunnlag for å vurdere korleis vindkraftutbygging verkar inn på kommunen og lokalsamfunna sin økonomi. Rådmannen er klar over inntekspotensialet i slike saker. Samtidig pågår det ein debatt om dette tema og det er for tidleg å vere konkret om samfunnsøkonomien i vindkraft for Gaular kommune. Det er generelt ei stor utfordring å fastsette verdien på kommunen sin attraktivitet for busetting, næringsetablering og reiseliv, med eller utan vindkraft.

Den nasjonale ramma er ikkje ein garanti for utbygging og det er kvar konsesjonssak som avgjer dette. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og rådmannen kan ikkje sjå at NVE har grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn andre område i landet. I eit føre-var-perspektiv meiner rådmannen at vindkraftutbygging i Gaular kommune ikkje kan tilråast, og at området difor bør takast ut av nasjonal ramme.

Rådmannen tilrår også at kommunestyret oppmodar OED om å legge fram ei sak til Stortinget om vindkraftutbygging i nedslagsfeltet for verna vassdrag.

Dag Ripe
rådmann